

# Utviklingsplan for Ørsta frikyrkje 2018-2020



## Visjon: Vi vil gjere Jesus synleg

I perioden 2018-2020 skal visjonen synleggjerast gjennom fire utvalde satsingar. I tillegg vil vi vidareføre gudstenester, offerdagar, misjonsmesse og andre arrangement som høyrer årshjulet til.

Kyrkjelyden sine satsingar:

- 1 Vi skal vere ei levande og inkluderande kyrkje**
- 2 Vi skal vere ei disippelgjeraende kyrkje**
- 3 Vi skal vere ei misjoneraende kyrkje**
- 4 Vi skal vere ei kyrkje som byggjer identitet og omdøme**

## 1 Vi skal vere ei levande og varm kyrkje

### CELLEGRUPPER

<b>Korleis</b>	<b>Ansvar</b>
Pastor møter kvar gruppe minst ein gong i løpet av perioden, mellom anna for å drøfte korleis ein medvite kan trekkje inn nye.	Pastor
Synleggjere gruppene med kontaktperson, slik at nye kan melde interesse for å delta.	Deltakarane sjølve
Gi leiartrening, særleg for gruppene som er i deleprosess.	Pastor
Felles cellegruppesamling minst ein gong per år, der også nye kan inviterast inn.	Pastor og eldsterådet i samarbeid med kontaktpersonar for cellegruppene

### KYRKJEKAFFI

<b>Korleis</b>	<b>Ansvar</b>
Organisere kyrkjekaffien med tanke på å gjere det enklare å vere ny i fellesskapen.	Alle
Vere merksam på nye andlet og ta kontakt; sette seg ved bordet til framande eller invitere dei til ditt bord.	Alle og kyrkjevertane

## GUDSTENESTA

### Korleis

Gudstenesta bør haldast innan liturgiske former og vere attkjennande. Gudstenesta bør i hovudsak følgje kyrkjeåret sine tekstar. Ulike former og tidspunkt kan nyttast

Vere særleg merksame på nye andlet som kjem til gudsteneste og helse dei særleg velkomne

### Ansvar

Pastor og eldsteråd

Kyrkjevertane

## EVANGELISERING OG LÅGTERSKELTILBOD

### Korleis

Starte lågterskelaktivitet med tanke på å nå nye målgrupper:

- ◆ Reklamere for familiegudstenestene på ulike måtar
- ◆ Samlivskurs/foreldrekurs eller andre konsept som er meir utoverretta i lokalsamfunnet
- ◆ Vennefest

### Ansvar

Alle

## OMSORGSTENESTE

### Korleis

Halde kontakt med og eventuelt besøkje gamle/sjuke personar som treng det.

Bidra til at behov blir meldt - bøneteneste, tilby seg til kontoret om å dra på besøk o.a.

Hente og bringe folk til gudsteneste.

### Ansvar

Diakonråd og pastor

Diakonråd og pastor

Alle

Motivere for og velje omsorgsdiakonar med denne sær oppgåva.	Eldsterådet
Vere opne for menneske med anna språk og kultur i kyrkjelyden/bygda	Alle
Suppe i Sentrum	Supperådet

## SJELESORG

### Korleis

### Ansvar

Sjelesorg som tema på gudsteneste og kyrkjelydsmøte minst ein gong for året.	Pastor og eldsteråd
Bevisstgjere heile kyrkjelyden på korleis vere gode samtalepartnarar for kvarandre.	Eldsteråd
Bevisst nytta gruppene som ein god arena å dele liv med kvarandre.	Husgruppene

## 2 Vi skal vere ei disippelgjjerande kyrkje

### UTRUSTANDE LEIARSKAP

#### Korleis

Forkynne gåver og nådegåver.

Skipe til og delta på kurs og konferansar internt eller felles med andre kyrkjer; skape møteplassar og byggje nettverk.

Presentere for kyrkjelyden, eldsterådet og/eller andre når ein har vore på konferansar.

#### Ansvar

Pastor

Eldsteråd arr. åleine eller saman med andre

Den som har delteke på kurs

### ARBEID FOR BORN

#### Korleis

Søndagsskule med auka merksemd på å integrere dei eldste borna.

Dåpshelsing og besøk med relevant materiell til alle kyrkjelyden sine born i samband med ulike fasar i oppveksten.

Bønekort som hjelper oss med fadderansvar for dei døypte med både fornamn og etternamn på dåpsbarna

Bøn for dåpsbarna den næraste familiegudstenesta til dåpsdagen. Helsing på 4-, 6-, 8- og 10-årsdag og til konfirmant.

Arbeide for familiegudstenestetteam

#### Ansvar

Søndagsskuleleiarane

Pastor i samarbeid med omsorgsdiakon

Pastor og omsorgsdiakon

Eldsteråd og liturg

Eldsteråd og pastor

## UNGDOMSARBEID

### Korleis

### Ansvar

Ynskje om å prioritere eit nytt tilbod til ungdom i løpet av perioden. Pastor og lokale leiarar

Samarbeide med andre frikyrkjer, bedehus og kyrkjer. Pastor og lokale leiarar

## KONFIRMANTARBEID

### Korleis

### Ansvar

Eige undervisningsopplegg for konfirantar i frikyrkja i samarbeid med dei andre frikyrkjene på Sunnmøre, samt samarbeid med Ørsta kyrkje der det er naturleg. Pastor og eldsteråd

## TRU PÅ HEIMEBANE

### Korleis

### Ansvar

Inspirere og utfordre foreldre til å vere gode eksempel for borna til å leve ut trua heime. Pastor, eldsteråd og søndagsskule

### 3 Vi skal vere ei misjonerande kyrkje

#### JESUS I KVARDAGEN

##### Korleis

##### Ansvar

Oppmuntre til å leve aktivt med Jesus i kvardagen

Pastor og talarar  
Alle

Be om å vere opne for å nytte situasjonar i kvardagen til å peike på Jesus, til dømes invitere naboar og andre på kaffi og leggje til rette for den gode samtalen.

Alle

Oppmuntre til å leve enklare liv.

Alle

#### MISJON I GUDSTENESTA

##### Korleis

##### Ansvar

Fast søndag i månaden med misjonsinformasjon.

Misjonskontakt

Halde jamn dialog med misjonærar vi har særskilt ansvar for, inklusive å hente inn bønnetema til bruk i gudsteneste og grupper.

Misjonskontakt

#### MISJON I GRUPPENE

##### Korleis

##### Ansvar

Oppmode til alltid å be for misjonærane når ein er samla.

Misjonskontakt og  
kontaktpersonar for  
gruppene

## SAMARBEIDSLANDA VÅRE

### Japan og Israel

#### **Korleis**

Ei oppdatert misjonstavle samt misjonsinformasjon på heimesida

#### **Ansvar**

Misjonskontakt og pastor

## BESØK FRÅ MISJONÆRAR

#### **Korleis**

Gudstenester og uformelle samlingar der ein byggjer relasjonar.

#### **Ansvar**

Eldsteråd og misjonskontakt



## 4 Vi skal vere ei kyrkje som byggjer identitet og omdøme

### VERE GODE PÅ FRAMSNAKKING

#### Korleis

#### Ansvar

Skape og ta vare på gode relasjonar og snakke vel om kvarandre. Seie vennleg ifrå når vi registrerer baksnakking.

Alle

Relasjonstema på dagsorden i ulike samlingar.

Pastor og eldsteråd

### VERE STOLTE AV KYRKJA

#### Korleis

#### Ansvar

Våge å snakke om trua vår. Vere meir dristige og modige.

Alle

Invitere med oss naboen til mellom anna gudsteneste, Suppe i Sentrum og Vennefest.

Alle

Ta godt vare på kyrkjebygget og området rundt kyrkja.

Husstyret

### PROFILERING AV KYRKJA

#### Korleis

#### Ansvar

Aktivt bruke kyrkjelyden si nettside.

Pastor og redaksjonskomité

Presseomtale og vere meir synlege i lokalavisa.

Pastor



**Adresse:** Ørsta frikyrkje, Boks 99, 6151 ØRSTA  
**Telefon:** 70 06 66 70  
**Konto:** 3992.30.04630  
**Heimeside:** [www.orsta.frikyrkja.no](http://www.orsta.frikyrkja.no)  
**E-post:** [orsta@frikyrkja.no](mailto:orsta@frikyrkja.no)  
**Organisasjonsnr:** 971 371 528